



Tore Gjerstad
Maråsvegen 258
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3264 - 16/33904

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Svar på søknad om beiterydding og gjerding på gbnr 88/1 Marås

Det vert synt til søknad dagsett 3.juni 2016

Saka gjeld :

Det vert søkt om SMIL – midler for rydding av beite og inngjerding av beite til mjølkekyr.

Eigedomen/drift:

Søkjar har mjølkeproduksjon i relativt ny fjøs med lausdrift og mjølkerobot. Vidare har søkjar nokre sauer.

Vurdering:

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til søkmnadsmengden og dette tilseier ei streng prioritering av søknadane. Likeeins når det gjeld tildeling av midlar til dei einskilde prosjekta. Likefult ynskjer Landbrukskontoret å bidra til at det vert meir og betre innmarksbeite nær driftsbygningen. Det er som kjent no også krav om at storfe i lausdrift skal ha 8 veker på beite. Beiter nær driftsbygningen vil gjere det mulig å oppnå kravet om beiting og bruk av mjølkerobot.

Området er elles eit flott området i Lindåspollane som vert mykje nytta til friluftsliv.

39 dekar av dei omsøkte 60 dekar vert teke ut av tiltaket då det er verdifull naturtype «Rik edellauvskog» av regional verdi. Inngjerding av området kan det derimot løyvast tilskot til.

Godkjent kostnadsoverslag vert då korrigert til :

Gjerding	kr 120.000,-
Grindar	kr 10.000,-
<u>Beiterydding</u>	<u>kr 50.000,-</u>
Sum	kr 190.000,-



Lindås kommune er tomt for ordinære tildelte SMIL – midler for 2016. Men det vert løyvd pengar til tiltaket forutsatt at Fylkesmannen i Hordaland ved Landbruksavdelinga har restmidlar å løyve til tiltaket for 2016.

Normalt vert det løyvd 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag til slike prosjekt. Det vil då utgjere kr 95.000 i tilskot.

Verken plb.lov eller naturmangfaldslova kjem til anvending i denne saka.

Vedtak :

Søknaden er handsama etter §8 i forskrifta og det vert løyvd inntil kr 95.000. Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av slike tiltak er 3 år frå løyvinga er gjeve.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 15.desember 2019.

Ein føresetnad er at Fylkesmannen i Hordaland har restmidler i SMIL – ordninga kan løyvast til søknaden

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- ***Til utbetaling vil konto 9365.06.02976 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.***

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Gjerstad

Maråsvegen 258 5955

LINDÅS